



Arkivnr: 2018/12212-40

Saksbehandlar: Elin Molven Wilhelmsen og Marianne Ose Askvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		04.12.2018

Den kulturelle spaserstokken - tildelingar 2018

Samandrag

Frå 2014 har fylkeskommunane fått i oppdrag frå Kulturdepartementet å overta handsaming av søknader og fordeling av midlar til Den kulturelle spaserstokken. Dette inneber mellom anna at kommunane skal søkje tilskot direkte frå fylkeskommunen og ikkje frå departementet. Kommunal- og moderniseringsdepartementet tildelar midlar til ordninga som ein del av rammetilskotet til fylkeskommunane.

Føremål med ordninga:

Den kulturelle spaserstokken er ei tilskotsordning for kommunesektoren øymerka kultur for eldre. Målet for Den kulturelle spaserstokken er å leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at gode kunst- og kulturprosjekt for eldre lokalt, vert utvikla innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk. Tilskot skal hovudsakleg nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, gjerne i samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og andre kulturaktørar på lokalt eller regionalt nivå.

Generelt:	
Budsjett 2018:	3 000 000 kroner
Søknadsfrist 2018:	1.september
Vedtak kriterier:	KIRU 18.01.17: PS 6/2017
Kriterier og informasjon om ordninga:	Informasjon på nettsida

2018:	
Tal på søknadar:	32 søknadar
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	32 søknadar
Samla søknadssum:	4 277 300 kroner
Tilrådd fordeling:	3 000 000 kroner

Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:

Det er mange ulike modellar for arbeid med Den kulturelle spaserstokken i kommunane i Hordaland. Dette heng også saman med storleiken på den einstilte kommune og såleis storleiken på løyvinga.

Innan søknadsfrist 1.september i år var det kome inn 21 søknadar. 12 kommunar hadde såleis ikkje søkt på ordninga. Sidan det berre er kommunar som kan søkja på denne ordninga, bestemte fylkesrådmannen å utsetja søknadsfristen for at dei 12 aktuelle kommunane skulle få høve på ny til å senda inn søknad. Ved utgang av siste søknadsfrist var det kome inn søknader frå 32 kommunar i Hordaland. Sveio kommune søkte ikkje.

Samla søknadssum i 2018 var på 4 277 300 kroner og viser ei auke på 4,2 % samanlikna med søknadssum i 2017. Søknadssummane i 2018 varierer frå 5 000 kroner til 1 400 300 kroner.

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Hordaland fylkeskommune.

Klima: Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka har monaleg klimaavtrykk.

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Tilskotsordninga er eit av verkemidlane for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 PREMISS: KULTUR.

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver 3 000 000 kroner frå konto 10.400.712.00 Den kulturelle spaserstokken 2018 fordelt slik:

Kommune	Sum
Askøy	106 000
Austevoll	50 000
Austrheim	32 000
Bergen	1 100 000
Bømlo	69 000
Eidfjord	30 000
Etne	51 000
Fedje	16 000
Fitjar	30 000
Fjell	100 000
Fusa	42 000
Granvin	28 000
Jondal	28 000
Kvam	133 000
Kvinnherad	112 000
Lindås	92 000
Masfjorden	39 000
Meland	37 000
Modalen	5 000
Odda	108 000
Os	130 000
Osterøy	70 000
Radøy	36 000
Samnanger	40 000
Stord	116 000
Sund	42 000
Tysnes	38 000
Ullensvang	67 000
Ulvik	37 000
Vaksdal	68 000

Voss	123 000
Øygarden	25 000
SUM	3 000 000

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Fordeling av midlar til Den kulturelle spaserstokken 2018

Fylkesrådmannen, 15.10.2018

Oversyn over tildeling 2017 og søknadssum 2018:

Kommune	Tildeling 2017	Søkt sum 2018
Askøy	107 000	140 000
Austevoll	50 500	55 000
Austrheim	37 000	60 000
Bergen	1 160 000	1 400 300
Bømlo	71 000	90 000
Eidfjord	30 000	30 000
Etne	54 000	75 000
Fedje	13 500	16 000
Fitjar	-	50 000
Fjell	100 000	230 000
Fusa	-	60 000
Granvin	-	50 000
Jondal	-	37 000
Kvam	133 000	200 000
Kvinnherad	120 000	175 000
Lindås	102 000	240 000
Masfjorden	40 000	70 000
Meland	37 000	50 000
Modalen	10 000	5 000
Odda	114 000	160 000
Os	133 000	260 000
Osterøy	70 000	100 000
Radøy	42 000	40 000
Samnanger	40 000	51 000
Stord	120 000	173 000
Sund	45 000	60 000
Sveio	-	-
Tysnes	38 000	50 000
Ullensvang	70 000	70 000
Ulvik	38 000	40 000
Vaksdal	70 000	80 000
Voss	125 000	135 000
Øygarden	30 000	25 000
SUM	3 000 000	4 277 300

Sveio kommune har ikkje søkt denne ordninga i år og står difor ikkje oppført med søknadssum.

Vurdering av søknadane

Tilskot skal ikkje erstatte kommunale tilskot til eksisterande eller planlagde satsingar eller tiltak som allereie er sikra finansiering. Det blir ikkje gitt tilskot til investeringar, utstyr, administrasjonstiltak, planleggingstiltak eller kompetanseutvikling.

I fordelingsnøkkelen vert 80 % av midlane basert på ei kvantitativ vurdering og 20 % på ei kvalitativ vurdering.

Kvantitativ vurdering:

1. Tal på innbyggjarar over 70 år i kommunen (fordelingsnøkkel på 60%)
2. Del av innbyggjarar over 70 år i forhold til lokalbefolkning (fordelingsnøkkel på 10 %)
3. Areal (fordelingsnøkkel på 10 %)

Kvalitativ vurdering:

- Programinnhald
- Nyskaping
- Utvikling av program
- Samarbeid

Nokre kommunar har søkt ein sum som er mindre enn det dei kunne fått tildelt ut frå kvantitativ utrekning. Ein søkjar kan ikkje motta meir enn oppgitt søknadssum, og denne må difor leggjast til grunn for fylkesrådmannen si tilråding.

A. Kvantitativ vurdering

80 % av midlane vert basert på ei kvantitativ vurdering, som er basert på 3 kriteria: 1) Tal på innbyggjarar over 70 år i kommunen, 2) Del av innbyggjarar over 70 år i forhold til lokalbefolkning og 3) Areal.

1. Tal på innbyggjarar over 70 år i kommunen

I Hordaland bur det 59 137 personar over 70 år (basert på tall henta frå www.statistikk.ivist.no). Desse personane er sjølvne målgruppa i ordninga. Kriteriet er difor vektlagt med ein fordelingsnøkkel på 60 %.

Oversyn over alle kommunane (i minkande prosentdel):

Kommune	Busette over 70 år i kommunen	Prosentandel av eldre (70+) i Hordaland busett i kommunen
Bergen	30 402	51,41 %
Askøy	2 684	4,54 %
Voss	2 206	3,73 %
Fjell	2 147	3,63 %
Stord	2 080	3,52 %
Os	2 036	3,44 %
Kvinnherad	1 953	3,30 %
Lindås	1 844	3,12 %
Bømlo	1 361	2,30 %
Kvam	1 320	2,23 %
Odda	1 147	1,94 %
Osterøy	1 011	1,71 %
Meland	704	1,19 %
Sund	703	1,19 %
Vaksdal	668	1,13 %
Radøy	660	1,12 %
Ullensvang	600	1,01 %
Austevoll	591	1,00 %
Sveio	587	0,99 %

Etne	567	0,96 %
Fusa	558	0,94 %
Øygarden	542	0,92 %
Tysnes	501	0,85 %
Austrheim	445	0,75 %
Samnanger	338	0,57 %
Fitjar	336	0,57 %
Masfjorden	297	0,50 %
Ulvik	203	0,34 %
Jondal	198	0,33 %
Granvin	154	0,26 %
Eidfjord	144	0,24 %
Fedje	100	0,17 %
Modalen	50	0,08 %

2. Del av innbyggjarar over 70 år i forhold til lokalbefolkning

Kor stor del dei eldre utgjer i forhold til lokalt innbyggjartal er andre kriterium i den kvantitative vurderinga. I tretten kommunar utgjer innbyggjarar over 70 år meir enn 15 % av det lokale innbyggjartalet. Ein ser at i kommunar der denne aldersgruppa utgjer ein større del av lokalbefolkninga samanlikna med andre kommunar, kan oppleve større økonomiske kostnader for å sørge for kunst- og kulturformidling til eldre. Kriteriet er vektlagt med ei fordelingsnøkkel på 10 %.

Oversyn over alle kommunane (i minkande prosentdel):

Kommune	Lokalt innbyggjartal	Prosentandel av innbyggjarar over 70 år
Ulvik	1 117	18,17 %
Jondal	1 096	18,07 %
Ullensvang	3 363	17,84 %
Fedje	561	17,83 %
Tysnes	2 857	17,54 %
Masfjorden	1 730	17,17 %
Odda	6 835	16,78 %
Granvin	931	16,54 %
Vaksdal	4 127	16,19 %
Kvam	8 455	15,61 %
Eidfjord	931	15,47 %
Austrheim	2 902	15,33 %
Voss	14 577	15,13 %
Kvinnherad	13 180	14,82 %
Fusa	3 920	14,23 %
Etne	4 083	13,89 %
Samnanger	2 463	13,72 %
Modalen	380	13,16 %

Radøy	5 129	12,87 %
Osterøy	8 125	12,44 %
Lindås	15 789	11,68 %
Bømlo	11 902	11,44 %
Austevoll	5 189	11,39 %
Øygarden	4 877	11,11 %
Stord	18 780	11,08 %
Bergen	279 792	10,87 %
Fitjar	3 194	10,52 %
Sveio	5 721	10,26 %
Sund	7 085	9,92 %
Os	20 573	9,90 %
Askøy	29 071	9,23 %
Meland	8 079	8,71 %
Fjell	25 725	8,35 %

3. Areal

Hordaland strekker seg over 15 437 km² på fastland og øyer (tall er henta frå www.statistikk.igest.no). 10 kommunar strekker seg over 500 km², og 5 av desse har eit areal på meir enn 1000 km². Ein ser at i dei største kommunane kan det føreligge større reisekostnader for å sørgje for kunst- og kulturformidling til eldre. Ein ser likevel at dette kriteriet ikkje kan ha ei stor vektlegging då det er mange områder i Hordaland som ikkje er busette. Kommunanes areal er vektlagt med ei fordelingsnøkkel på 10 %.

Oversyn over alle kommunane (i minkande prosentdel):

Kommune	Areal i km2	Prosentandel i forhold til Hordaland
Voss	1 806	11,70 %
Odda	1 616	10,47 %
Eidfjord	1 491	9,66 %
Ullensvang	1 399	9,06 %
Kvinnherad	1 091	7,07 %
Etne	735	4,76 %
Vaksdal	721	4,67 %
Ulvik	715	4,63 %
Kvam	616	3,99 %
Masfjorden	556	3,60 %
Lindås	475	3,08 %
Bergen	465	3,01 %
Modalen	412	2,67 %
Fusa	378	2,45 %
Samnanger	269	1,74 %
Tysnes	255	1,65 %
Osterøy	255	1,65 %
Bømlo	247	1,60 %
Jondal	247	1,60 %

Sveio	246	1,59 %
Granvin	212	1,37 %
Fjell	148	0,96 %
Stord	144	0,93 %
Fitjar	142	0,92 %
Os (Hord.)	140	0,91 %
Austevoll	117	0,76 %
Radøy	111	0,72 %
Sund	101	0,65 %
Askøy	100	0,65 %
Meland	93	0,60 %
Øygarden	67	0,43 %
Austrheim	58	0,38 %
Fedje	9	0,06 %

B. Kvalitativ vurdering

20 % av midlane utgjer ein sum på 600 000 kroner. I tillegg står det att 29 530 kroner som ikkje er fordelt i den kvantitative utrekninga grunna manglande søknad frå ein kommune. I tillegg er det nokre kommunar som har søkt ein sum som er mindre enn det dei kunne fått tildelt ut frå kvantitativ utrekning. Ein søkjar kan ikkje motta meir enn oppgitt søknadssum, og denne må difor leggjast til grunn for fylkesrådmannen si tilråding. Samla står det difor att 656 047 kroner til skjønsmessig vurdering med grunnlag i kriteria.

I denne oversikta har fylkesrådmannen gitt kommentarar til innstilling på tilrådd kvalitativ fordeling. Kommentaranane må sjåast som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, søknadssum, samt tildelinga i 2017.

Samla tilråding er i heile tall, difor er summene i den kvalitative fordelinga annleis enn korleis ein elles ville ha presentert desse.

Oversyn over alle kommunane (alfabetisk rekkefølge):

Kommune	Kvalitativ fordeling	Grunngjeving
Askøy	16 169	Planlegg 45 arrangement, noko som er ei auke frå søknaden i fjor der 40 tiltak vart planlagt. Det er fagleg breidde i programinnhaldet og fleire ulike arenaer er planlagt å nytte til arrangementa. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 40 000 kroner i eigenfinansiering.
Austevoll	22 098	Planlegg 24 arrangement, noko som er ei nedgang frå søknaden i fjor då 60 arrangement vart planlagt. Det er fagleg breidde i programinnhaldet og ligg føre gode samarbeid lokalt. Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Idrett og friluftsliv er også teke inn. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 30 000 kroner i eigenfinansiering.
Austrheim	7 042	Planlegg 8 arrangement, som er det same som i fjor. Breitt kommunalt tverrfagleg samarbeid om organisering av ordninga. Jobbar med ei brei målgruppe blant dei eldre og har fagleg breidde i programinnhaldet. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 5 000 kroner i eigenfinansiering.
Bergen	158 305	Planlegg 330 arrangement som er ein nedgang på 20 arrangement frå i fjor. Programinnhaldet har ei god fagleg breidde. Kommunen er ambisiøs i forhold til utvikling av ordninga og har i fleire år finansiert ei eiga stilling til dette arbeidet. Kommunen arbeider kontinuerlig med utvikling av programmet og at ytterlegare fleire eldre skal få høve til å få nytta tilbodet. I

		tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 505 000 kroner i eigenfinansiering.
Bømlo	15 103	Planlegg 8 arrangement, som er ein nedgang frå søknaden i fjor då 10 arrangement vart planlagt. Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Gode samarbeid med andre offentlege instansar. Dei har oppretta senior kino. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 100 000 kroner i eigenfinansiering.
Eidfjord	0	Planlegg 6 arrangement, som er ein nedgang på 4. Kommunen har søkt 30 000 kroner og den kvantitative utrekninga går over dette. Ein søkjar kan ikkje motta meir enn oppgitt søknadssum og det vert difor ikkje kvalitativ fordeling til denne kommunen. Fylkesrådmannen tilrår at kommunen får tildelt omsøkt sum. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 20 000 kroner i eigenfinansiering.
Etne	10 143	Planlegg 12 arrangement, noko som er ei nedgang frå søknaden i fjor då 15 arrangement vart planlagt. Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Gode samarbeid lokalt. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 125 000 kroner i eigenfinansiering.
Fedje	0	Planlegg 3 arrangement (4 i fjor). Kommunen har søkt 16 000 kroner og den kvantitative utrekninga går over dette. Ein søkjar kan ikkje motta meir enn oppgitt søknadssum og det vert difor ikkje kvalitativ fordeling til denne kommunen. Fylkesrådmannen tilrår at kommunen får tildelt omsøkt sum. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 9 000 kroner i eigenfinansiering.
Fitjar	9 957	Planlegg 5 arrangement. Søkte ikkje i fjor. Har noko samarbeid med Stord kommune (friluftssarrangement). I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 5 000 kroner i eigenfinansiering.
Fjell	26 176	Planlegg 52 arrangement, som er det same som i fjor. God fagleg variasjon i programma. Kulturskolen koordinerer arbeidet med ordninga. Godt samarbeid med andre kommunar. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 100 000 kroner i eigenfinansiering.
Fusa	8 122	Planlegg 16 arrangement (søkte ikkje i fjor). Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Godt samarbeid med andre kommunar. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 30 000 kroner i eigenfinansiering.
Granvin	8 097	Planlegg 15 arrangement (søkte ikkje i fjor). Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 15 000 kroner i eigenfinansiering.
Jondal	5 055	Planlegg 4 arrangement (søkte ikkje i fjor). Grunne permisjon så er arbeidet for i år er organisert under Oppvekst- og kultureininga. Vanlegvis er det rektor ved kulturskolen som har denne oppgåva. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 3 000 kroner i eigenfinansiering.
Kvam	70 379	Planlegg 45 arrangement (same som i fjor). Høg kvalitet og fagleg breidde i programinnhaldet. Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Godt samarbeid med andre kommunar og organisasjonar. Det vert lagt stor vekt på nyskaping og utvikling av tilboda, gjerne i samarbeid med festivalar og kunstinstitusjonar/- organisasjonar. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 87 000 kroner i eigenfinansiering.
Kvinnherad	21 413	Planlegg 14 arrangement (16 arrangement i fjor). Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Godt samarbeid lokalt. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 45 000 kroner i eigenfinansiering.
Lindås	18 808	Planlegg 57 arrangement, som er ein stor nedgang frå i fjor (75 arrangement vart planlagt). Sjukeheimstenesta i kommunen har ansvar for koordinering av arbeidet. Samarbeider med andre kommunar og organisasjonar. Noko fagleg breidde i programinnhaldet, samt fokus på ei vidareutvikling. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 255 126 kroner i eigenfinansiering.

Masfjorden	7 639	Planlegg 12 arrangement med fagleg breidde i programinnhaldet (same som i fjor). Kulturelt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Samarbeid med fleire organ i kommunen. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 56 000 kroner i eigenfinansiering.
Meland	7 919	Planlegg 18 arrangement, som er ei auke på 10 arrangement frå i fjor. Frivilligsentralen som ligg til kultureininga koordinerer arbeidet med spaserstokken. Ei arbeidsgruppe med to representantar frå Eldrerådet og ein representant frå Meland Helselag er med å planlegge og fjenomfører dei ulike tiltaka. Noko fagleg breidde i programinnhaldet. Samarbeider med ander kommunar. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen ikkje sett av noko sum til eigenfinansiering.
Modalen	0	Planlegg 1 arrangement (3 i fjor). Kommunen har søkt 5 000 kroner og den kvantitative utrekninga går over dette. Ein søkjar kan ikkje motta meir enn oppgitt søknadssum og det vert difor ikkje kvalitativ fordeling til denne kommunen. Fylkesrådmannen tilrår at kommunen får tildelt omsøkt sum. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 1 000 kroner i eigenfinansiering.
Odda	30 426	Planlegg 10 arrangement, noko som er ei nedgang frå søknaden i fjor (15 arrangement). Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Har gode samarbeid med både offentleg og frivillig sektor, samt profesjonelle kulturorganisasjonar. Har fagleg breidde i programinnhaldet. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 20 000 kroner i eigenfinansiering.
Os	58 670	Planlegg 40-50 arrangement (om lag det same som i fjor) med fagleg breidde i programinnhaldet. Kommunen har satsa mykje på kultur på eldre og har gjennom nokre år hatt ei kulturfagleg aktivitetskoordinator til dette arbeidet, som samarbeider breitt. Samarbeider med Fusa, Samnanger og Kvam. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 100 000 kroner i eigenfinansiering.
Osterøy	25 925	Det er planlagt 41 arrangement, som er ei lita auke frå søknaden i fjor (40 arrangement). Noko fagleg breidde i programinnhaldet. Arbeidet med ordninga vert administrert av Folkeakademiet Osterøy. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 60 000 kroner i eigenfinansiering.
Radøy	5 122	Planlegg 33 arrangement, som er ein stor nedgang frå planlagde arrangement i søknaden frå i fjor med 53 arrangement. Noko fagleg breidde i programinnhaldet. Frivilligsentralen i kommunen koordinerer arbeidet. Fagavdelinger og velferdssenteret, pensjonistlaget og eldrerådet hjelper til med arrangementa. Gode samarbeid lokalt og samarbeider med Lindås kommune. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 20 000 kroner i eigenfinansiering.
Samnanger	15 279	Planlegg 44 arrangement (same som i fjor) med fagleg breidde. Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Godt samarbeid med andre kommunar (Fusa, Kvam og Os). Godt samarbeid mellom leiar for kultur i kommunen, aktivitetsleia for dagsenteret på Samnangerheimen og Eldrerådet. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 15 000 kroner i eigenfinansiering.
Stord	42 462	Planlegg 27 arrangement som er ein liten nedgang med 31 arrangement i fjor. Fagleg breidde og høg kvalitet i programinnhaldet. Kommunalt kulturfagleg forankra med breitt samarbeid og eit eiga ansvarsgruppe for ordninga. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 250 000 kroner i eigenfinansiering.
Sund	11 984	Planlegg 60 arrangement (same som i fjor) med fagleg breidde i programinnhaldet. Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Samarbeid med helse- og omsorgseininga i kommunen, Folkeakademiet og eldrerådet. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 40 000 kroner i eigenfinansiering til føremålet.
Tysnes	6 032	Planlegg 15 arrangement som er ein stor auke frå i fjor då det var planlagt 8 arrangement. Lite fagleg breidde. Einingsleiar for institusjonstenester

		organiserer arbeidet med ordninga. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 15 000 kroner i eigenfinansiering.
Ullensvang	9 582	Planlegg 23 arrangement (same som i fjor) med fagleg breidde i programinnhaldet. Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Samarbeider med Odda og Jondal kommune og har gode samarbeid lokalt, m.a. med eldrerådet og omsorgstenesta. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 20 000 kroner i eigenfinansiering.
Ulvik	4 736	Planlegg 6 arrangement som er det same som i fjor. Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Samarbeid med eldre/pensjonistlag og sjukeheimen. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen ikkje sett av noko sum til eigenfinansiering.
Vaksdal	22 798	Planlegg 40 arrangement, som er ein nedgang samanlikna med førre søknad (45). Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Fagleg breidde i programinnhaldet. Samarbeider med Vaksdal eldreråd og institusjonar lokalt. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen ikkje sett av noko sum til eigenfinansiering.
Voss	10 606	Planlegg 30-35 arrangement som er ein nedgang frå i fjor (35-40). Seniorrådet i Voss kommune samarbeider med Staben i Helse- og omsorgsavdelinga samarbeidet med ordninga. Kultureininga er ikkje inne i dette arbeidet. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 10 000 kroner i eigenfinansiering.
Øygarden	0	Planlegg 3 arrangement (4 arrangement i fjor). Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Samarbeider lokalt med eldrerådet og omsorgssenteret si dagavdeling. I tillegg samarbeider dei med kommunane Sund, Fjell og Askøy. Ein søkjar kan ikkje motta meir enn oppgitt søknadssum og det vert difor ikkje kvalitativ fordeling til denne kommunen. Fylkesrådmannen tilrår at kommunen får tildelt omsøkt sum. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 25 000 kroner i eigenfinansiering.
SUM	656 047	

Framtidig handsaming av ordninga

Slik som i år har det tidlegare år også vore naudsynt å utsetje søknadsfrist for å gi fleire kommunar høve på ny til å sende inn søknadsskjema. Dette har fylkesrådmannen vurdert som beste løysing ved utgong av opphavleg søknadsfrist (1.september) med den grunngeving i at det berre er kommunane i Hordaland som kan søkje denne ordninga. I kvart tilfelle har administrasjonen sendt både e-post og ringt direkte til kommunane for å minne om ny søknadsfrist etter 1.september. På bakgrunn av desse erfaringane ser fylkesrådmannen det som naudsynt å leggje opp til ein ny praksis i administrasjonen i HFK i forkant av søknadsfrist i 2019. Kommunane vil neste år få betre oppfølging i forkant av søknadsfristen slik at det ikkje vil vere naudsynt å utsetje denne fleire gongar.